



Arkivnr: 2015/11453-112

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		24.01.2018

**Løyve til å søkje NOKUT om nytt studium i Klassisk bygningshåndverk og restaurering****Samandrag**

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtok 14.09.2017 at fagskulen skulle utvikle eit nytt studium innan klassisk bygningshandverk og restaurering. Bakgrunnen for å utvikle studiet er initiativ frå Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger (BVS) og handverksmiljøa knytt til senteret. Tilbodet skal vere på 60 fagskulepoeng, og undervisninga skal haldast ved studiestaden i Bergen. Tilbodet er tenkt å vere eit deltidstilbod, men fagskulen ønskjer også å søkje godkjenning for heiltid. Det faglege innhaldet i studieplanen er ferdigstilt, men alle formkrava til planen er ikkje heilt på plass. Administrasjonen vil på bakgrunn av dette tilrå at fagskulen vert gjeven løyve til å søkje NOKUT om godkjenning for «Klassisk bygningshåndverk og restaurering» innan 1. mars 2018 med nokre justeringar i planen.

**Forslag til vedtak**

Fagskolen i Hordaland kan søkje NOKUT om godkjenning for fagskuletilbodet «Klassisk bygningshåndverk og restaurering» (60 fagskulepoeng, studiestad Nordnes) innan 1. mars 2018 med mindre justeringar i planen.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

1 Studieplan Klassisk bygningshåndverk og restaurering

## Fylkesrådmannen, 08.01.2018

Styret for Fagskolen i Hordaland handsama 14.09.2017 sak om utvikling av nytt studium i «Klassisk bygningshåndverk og restaurering», og gjorde følgjande vedtak:

Fagskolen i Hordaland vert gjeve løyve til å utarbeide ein studieplan i «Bygningshåndverk og restaurering», 60 fagskulepoeng, med sikte på å søkje NOKUT om godkjenning 1. mars 2018.

Bakgrunnen for å utvikle studiet er initiativ frå Bygningsvernenteret Voss/Hardanger (BVS) og handverksmiljøa knytt til senteret. Tilbodet skal vere på 60 fagskulepoeng, og undervisninga skal haldast ved studiestaden i Bergen, men noko undervisning vil også verte gjeve på Voss i samband med lokale ved BVS. Tilbodet er tenkt å vere eit deltidstilbod, men fagskulen ønskjer også å søkje godkjenning for heiltid.

Både bygningsbransjen, vernemyndigheter og museum melder at det er mangel på undervisningstilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering/rehabilitering. Med klassisk bygningshandverk meiner ein her dei ulike handverksfaga som vart etablert i tidleg moderne tid (frå 1600-talet og framover), og som dannar grunnlaget for handverkstradisjonen som utvikla seg vidare fram til handverkarlauga vart løyst opp i siste del av 1800-talet. Studieplanen vil såleis vektleggje måten det klassiske bygningshandverket skal utførast på og korleis det er del av ein arbeidsprosess. Tilbodet skal vere retta mot tømrarar og snikkarar.

Fylkeskonservatoren i Hordaland, Hardanger og Voss museum, Byggmesterforbundet Region Vest ønskjer også at eit fagskuletilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering vert oppretta. Arbeidet med å opprette fagtilbodet er organisert som eit eige prosjekt i eit samarbeid mellom styringsgruppa for BVS, der også Fagskolen i Hordaland er med, i tillegg til institusjonane som er nemnt over.

Som ein del av prosjektet er det også gjort ein marknadsanalyse som konkluderte med at det er eit behov for denne utdanninga. Vidare er det lagt opp til eit koordinerande rettleatingsseminar før studiet vert etablert for dei faglærarane som skal undervise ved tilbodet.

Fagskolen i Hordaland har etter vedtak arbeidd vidare med studieplanen som no vert lagt frem for styret for godkjenning (sjå vedlegg). Det faglege innhaldet i studieplanen er ferdigstilt, men alle formkrava til planen er ikkje heilt på plass. Dette er til dømes bokliste og liste over kva fagbrev som kvalifiserer til opptak. Administrasjonen vil på bakgrunn av dette tilrå at fagskulen vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om godkjenning for «Klassisk bygningshåndverk og restaurering» innan 1. mars 2018 med nokre justeringar i planen.